



PÅ VEG TIL KINN KOMMUNE

Vedteke i felles kommunestyremøte, Flora bystyre og
Vågsøy kommunestyre 25 august 2017

REGLEMENT FOR FELLESNEMNDA

§ 1 Innstilling

Prosjektleiari innstiller overfor fellesnemnda. Inntil prosjektleiari er tilsett har rådmennene i Flora og Vågsøy innstillingsrett og forvaltar denne etter avtale.

§ 2 Oppnemning og konstituering

Fellesnemnda er oppretta med heimel i Inndelingslova § 26. Nemnda konstituerer seg sjølv i august 2017 og vel leiari og nestleiari.

Ein representant frå ungdommens bystyre frå Flora og ein representant frå Vågsøy ungdomsråd tiltrer fellesnemnda med talerett.

Kvar kommune får ein observatørplass til tillitsvalde med tale- og talerett.

§ 3 Arbeids- og ansvarsområde

Fellesnemnda skal:

- a. Gjennomgå og vurdere prinsipielle sider ved samanslåingsprosessen. Fellesnemnda skal ikkje delegere avgjerdsmynde, med mindre fellesnemnda finn at dette er hensiktsmessig.
- b. Fatte vedtak i saker som er nødvendig for å etablere Kinn kommune
- c. Disponere eingongstilskotet og annan finansiering til føremålet
- d. Tilsette prosjektleiari/rådmann
- e. Handsame innstilling til overordna organisering av Kinn kommune
- f. Sjå til at reglar og avtalar om tilsette og dei tillitsvalde sin medverknad og medråderett vert følgd
- g. Godkjenne dokument som gjeld arbeidsgivarpolitiske spørsmål
- h. Kome med framlegg til budsjett og økonomiplan for det nye kommunestyret
- i. Kome med framlegg til nye satsar for avgifter, gebyr og eigenbetalingar
- j. Gi uttale til departement/fylkesmann om årsbudsjett og økonomiplan i perioden fram til samanslåinga
- k. Kome med framlegg til delegeringsreglement som vert vedtatt av det nye kommunestyre
- l. Kome med framlegg til godtgjerslereglement og andre relevante reglement som det nye kommunestyre skal vedta
- m. Kommunestyra skal vedta godtgjersleregulativ for fellesnemnda og underliggende organ og utval
- n. Kome med framlegg til revisor til kommunestyre sitt første møte
- o. Vedta kommunikasjonsplan for arbeidet med kommunesamanslåinga
- p. Fellesnemnda får myndighet til å ta initiativ til og gjennomføre forhandlingar med Bremanger kommune om å inkludere dei i Kinn kommune.



PÅ VEG TIL KINN KOMMUNE

Vedteke i felles kommunestyremøte, Flora bystyre og
Vågsøy kommunestyre 25 august 2017

Fellesnemnda kan:

- a. Delegere delar av sitt mynde til underliggende organ i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell art
- b. Uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval fram til den nye kommunen er etablert. Dette gjeld når fellesnemnda meiner at desse sakene har eller kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen.

Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023. Det er det nye formannskapet som skal kome med budsjettinnstilling overfor det nye kommunestyret.

Leiar i fellesnemnda kallar inn til og leiar konstituerande kommunestyremøte i Kinn kommune inntil ordførar er vald.

§ 4 Opne møter

Møta i fellesnemnda og underliggende organ er opne om ikkje anna vert bestemt. Alle møta i fellesnemnda skal streamast så langt det er mogleg.

§ 5 Vedtak

Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerslene. Ved usemje skal fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. I saker det det ikkje vert oppnådd semje, vert sakene avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiar dobbeltrøyst.

§ 6 Arbeidsutval

Arbeidsutval for fellesnemnda skal førebu og legge til rette for nemnda si sakshandsaming. Arbeidsutvalet kan ta avgjerd i saker etter delegering frå fellesnemnda.

§ 7 Partsamansette utval

Partsamansett utval skal kome med uttale i saker som gjeld tilhøvet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.

§ 8 Andre utval

Fellesnemnda kan opprette andre utval eller komitear etter behov.

§ 9 Delegering til prosjektleiar

Fellesnemnda og andre politiske utval som er oppretta i samband med samanslåinga kan delegere mynde til prosjektleiar/rådmann.

§ 10 Krav om handsaming i kommunestyra

Eit mindretall på 3 eller fleire medlemmer i fellesnemnda kan anke ei avgjerd inn for dei to kommunestyra for endeleg avgjerd.